



Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gry Walle, 5557 2332
Olav Overvoll, 5557 2315

Fråsegn til søknad om mellombels senking av vasstanden i dam Lønningsåsen

Vi ber om at det vert vurdert tiltak for å sikre førekomsten av soleigro, ut over det har vi ingen avgjerande merknad til mellombels senking av vasstanden i dam Lønningsåsen i Stord kommune.

Vi viser til oversending av 1. oktober 2021.

Bakgrunn

Dammen tilfredsstiller ikkje dagens krav til tryggleik, og det er planlagt å oppgradere/legge den ned innan 5 år. For at dammen skal vere sikker i perioden fram til endeleg avgjerd krev NVE at nivået i magasinet blir senka innan 1.11.2021. Dammen er plassert i konsekvensklasse 3. Vasstanden vil bli senka frå dagens HRV/normalvasstand på kote 57 til ca. kote 51,3 som er botn i dammen.

Vår vurdering

Det er ein førekomsten av soleigro i dammen i Lønningsåsen. Soleigro er raudlista som sterkt truga (Artsdatabanken 2015), og er svært sjeldan. I tillegg til dammen i Lønningsåsen er den i Noreg berre funne i Ådlandsvatnet på Stord, i Tveitvatnet på Huglo, i Vevatnet på Tysnes, og i Orrevatnet på Jæren.

Førekomsten i Lønningsåsen er liten, og skal vere planta ut på 1930-talet med materiale frå Ådlandsvatnet. Slik sett er førekomsten mindre viktig enn dei andre førekomstane, som er både naturlege og større. Det er likevel grunn til å gjere forsøk på å ta vare på førekomsten i Lønningsåsen, sidan arten har så få førekomstar i landet.

Det er naudsynt å tappe dammen for å gjennomføre tiltak. Om det er mogleg å behalde ein mindre vasspegel her, òg under den midlertidige tømminga av magasinet, vil vi tilrå dette. I så fall må ein forsøke å flytte flest mogleg av dei kjende plantane med soleigro ned til ny vasskant.



Blir det gjort midlertidige tiltak for å ta vare på soleigro i dammen, og arten overlever desse tiltaka, tilrår vi at ein ved val av permanent løysing for dammen, legg til rette for å vidareføre dammen som veksestad for soleigro.

Området er eit lokalt viktig friluftslivsområde, vi reknar difor med det kan vere store brukarinteresser knytt til vatnet. Som avbøtande tiltak bør det leggjast til rette for god informasjon ut til publikum, både i forkant og undervegs.

Med helsing

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Gry Walle
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD